Nausthaugen Barnehage

Nedre Vats



ÅRSPLAN 2026-2027

Velkommen til nytt barnehageår i Nausthaugen Barnehage

Me vil få ønska velkommen til eit nytt barnehageår, til både gamle og nye barn og foreldre. Me ønskjer at dette året også blir eit år med mykje glede, turar, leik, undring, læring, vennskap og samarbeid. Me er oppmerksomme mot våre brukerar, som handlar om å være tilstades, imøtekommande og serviceinnstilt. Me er eit samarbeidsvillig team, som er opptatt av eit godt samarbeid for barna og barnehagens beste.

Nausthaugen barnehage ligger landlig til her i Nedre Vats. Med mange fine turområder rundt oss. Me er nå blitt ein stor og flott barnehage med nytt uteområde og plass til 110 enheter. Dette året blir me også 5 baser: 3 småbarn (Skogstrollå, Småtrollå og Sjarmtrollå) og 2 storbarn (Rocketrollå og Lykketrollå). Totalt 63 barn. Ein god og flott gjeng:)

Dei som skal begynne på skulen vil fremdeles ha navnet sitt «skuletrollå». Eit par dagar i veka vil dei ha skulegruppe.

Me vil jobbe ein del i grupper; både aldersbestemt og på tvers av basane.
Skulegjengen er masse på tur rundt om i nærmiljøet og på bedriftsbesøk.

Me er masse ute, både i barnehagen og i nærmiljøet. Me er så heldige at me har tilgang til eige basseng som me bruker flittig til både svømmeopplæring, vanntilvenning og vannleik..



Barns medverknad syns me er viktig så her ønsker me at barna i barnehagen skal ha innflytelse på eigen kvardag; ut frå alder og modning.

Me jobbar også masse ut frå Cos– modellen (trygghets-sirkelen) og psykologisk førstehjelp — grønne tankar – glade barn, som er retta mot barns tankar og følelsar.



KONTAKTINFORMASJON NAUSTHAUGEN

Dagleg leiar:

Åshild Blikra, tlf. **45419138**

Epost: ashild@nausthaugenbarnehage.no

Assisterande styrar:

Sunniva Steinsland, tlf. 93870809


Epost: sunniva@nausthaugenbarnehage.no

Pedagogiske leiarar - Rocketrollå tlf. **459 64 770/489 97 576**

Marita Bakkedal og Sunniva Steinsland (40%)

Epost: marita@nausthaugenbarnehage.no

sunniva@nausthaugenbarnehage.no



Pedagogisk leiarar - Lykketrollå tlf. 902 84 704

Cathrine Skogen og Karen Helene Urdal (60%)

Epost: cathrine@nausthaugenbarnehage.no

karenhelen@nausthaugenbarnehage.no

Pedagogiske leiarar - Skogstrollå tlf. 481 97 157

Eirin Apeland (60%) og Ida Bekkeheien (28%)

Epost: eirin@nausthaugenbarnehage.no

Pedagogiske leiarar - Småtrollå tlf. 469 68 594

Stina Nordtveit og Karoline Ohm (40%)

Epost; stina@nausthaugenbarnehage.no

Pedagogisk leier - Sjarmtrollå tlf. 902 89 502

Liv Henny Gundersen

Epost: livhenny@nausthaugenbarnehage.no

PERSONALET VÅRT



Åshild Blikra
Daglig leder

Rocketrollå



Marita Bakkedal
Pedagogisk leiar



Sunniva Steinsland
Ass. styrar/pedagogisk leiar



Linda Lærdal
Fagarbeider



Ida Karine Veland
Fagarbeider



Pia Flæte
Fagarbeider



Mona Eikeland
Fagarbeider og ekstra assistent



Lena Utaaker
Assistent

Lykketrollå



Cathrine Skogen
Pedagogisk leiar



Karen Helene Urdal
Pedagogisk leiar på disp.



Martyna Storowich
Assistent



Åse Ø. Eikesdal
Assistent

Skogstrollå



Eirin Apeland
Pedagogisk leiar




Ida Bekkeheien
Pedagogisk leiar




Wenche Stokland
Fagarbeidar, pedagogisk leiar på disp.



Cherry May Eikesdal
Fagarbeidar



Veslemøy Bakkedal
assistent



Pauline Charlotte Leite
Lærling

Småtrollå



Stina Nordtveit
Pedagogisk leiar



Karoline Ohm
Assistent/pedagog på disp



Anne Bjørg Bakke
Assistent



Stine Therese Nilsen
Assistent

Sjarmtrollå



Liv Henny Gundersen
Pedagogisk leiar



Heidi Nordtveit
Fagarbeider



Trine Nernes
Vernepleiar

NÅR BARNET BEGYNNER I BARNEHAGEN

«Barnehagen skal i samarbeid med foreldrene legge til rette for at barnet kan få ein trygg og god start i barnehagen. Barnehagen skal tilpassa rutinar og organisere tid og rom slik at barnet får tid til å bli kjent, etablere relasjonar og knytte seg til personalet og til andre barn. Når barnet begynner i barnehagen, skal personalet sørga for tett oppfølging den første tida slik at barnet kan oppleva tilhørighet og trygghet til å leika, utforska og læra»
- Kunnskapsdepartementet 2017, Forskrift om rammeplan for barnehagens innhold og oppgaver; punkt 6; overganger.-



Det å begynna i barnehagen er ein stor overgang, både for barna og foreldrene. Derfor ønsker me å ha ekstra fokus på dette i barnehagen.

Før sommaren har me besøksdagar for alle nye barn som skal begynna hjå oss til hausten. Dei som begynner litt seinare på året får komma på besøk nokon veker før oppstart og tilvenning.

Me ønsker at tilvenningsperioden skal være så roleg som mogleg, og at barnet skal finna tryggheita her i barnehagen. Derfor startar me alltid første dagen med ein besøksdag der barnet er nokre timar ilag med foreldre. Etterkvart så utvide me tida gradvis slik at foreldrene går litt vekk frå barnet litt etter litt. Behovet er individuelt, men me ønsker at det settes av ca. 1 veke til tilvenning.

Me har ein oppstartsamtale tidleg i tilvenningsperioden slik at me får bli kjent med barna og deira behov. Etter 2-3 veker i barnehagen vil pedagogisk leiar ha ein foreldresamtale med alle nye foreldre der me evaluere tilvenning. Samarbeid med heimen er også avgjerande for barnet sin trivsel og utvikling i barnehagen.

Overgang frå småbarn til storbarn

Ein dag i veka frå juni startar me opp med å samle alle barna som skal være ilag frå hausten. Der får dei leike og bli kjent med kvarandre på avdelinga på storbarn. For dei som har overgang etter jul har me besøksdagar i desember, dette for å gjere overgangen best mogleg.

Overgang frå barnehage til skule

Dei eldste barna skal få mogelegheit til å glede seg til å byrje på skulen og oppleve at det er ein samanheng mellom barnehage og skule. Me i Nausthaugen Barnehage verdset difor eit godt samarbeid med Vats skule. Ein god overgang kan vera avgjerande for at barnet får ein positiv start. Dette føreset god informasjonsoverføring mellom instansane. Særleg er dette viktig i tilfelle kor barnet kan ha behov for ekstra oppfølging. Barnehagen skal leggje til rette for at dei eldste barna har med seg erfaringar, kunnskap og ferdigheitar som kan gje dem eit godt grunnlag og motivasjon for å byrje på skulen. Barnehagen skal bidra til at barna kan slutte av barnehagetida på ein god måte og møte skulen med nysgjerrigheit og tru på eigne evner. Barna skal få bli kjent med kva som skjer på skulen og SFO. Me kjem til å ha eit tett samarbeid med skulen gjennom heile barnehageåret.

Skulegjengen

Til hausten ønskjer me velkommen til eit nytt og spanande barnehageår i Skuletrollå; førskulegruppa vår for born som skal byrja på skulen hausten 2027. Me gler oss til starte opp og leggje til rette for eit lærerikt, trygt og inspirerande år saman. Dei vil gå på storbarn med dei andre, men 2-3 dagar i veka vil dei være kun Skuletrollå:) Dei er 12 skulebarn i år.

Det siste året i barnehagen kjem til å vere fylt med kjekke og gjerne litt annleis aktivitetar enn det de andre gjer. Me skal for eksempel på bedriftsbesøk, lengre turar og andre kjekke utflukter. Barna skal få oppleve fellesskap og få følelsen av tilhørighet. Det me kjem til å ha fokus på i Skuletrollå er opparbeiding av sosial kompetanse, vennskap, godt språk og språkforståing. Verdiar og kulturformidling og fysisk aktivitet. Me har og eit aktivitetshefte som heiter «trampoline» som omhandlar dei 7 fagområda i rammeplanen som me kan bruke som støttemateriale til tema me skal gjennom. Det skulen ynskjer at me har fokus på er å meistre seg sjølv og regulere seg. beskjeder.

Det skulen ynskjer at me har fokus på er å:

- Meistre seg sjølv og regulere seg.
- Klare seg sjølv på do, handvask, av og påkledning.
- Passe på og halde orden i tinga sine og gjerne øve seg på å tape i spill.
- Ta imot og forstå individuelle og felles beskjeder.



Samarbeid

«Barnehagen skal i samarbeid og forståing med heimen vareta barnas behov for omsorg og leik og fremje læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling, jf. barnehagelova § 1» (Kunnskapsdepartementet, 2017, s.29)

Foreldresamarbeid

I Nausthaugen barnehage ønskjer me at De foreldre skal ha størst mogleg grad av medverknad og innsikt i barnas kvardag. For å få til dette er kommunikasjon og samarbeid mellom heim og barnehage særs viktig. Barnet er foreldrenes og personalets felles interesse, og det er derfor viktig at me heile tida utvekslar informasjon som kan ha betydning for barnets trivsel og utvikling i barnehagen. Den daglege kontakten ein har ved henting og levering er viktig å bruke til å fortelje om det er spesielle opplevingar eller behov, som kan påverke barnas dag. Dette kan til dømes være om barnet har hatt ei uroleg natt, eller meir alvorlege ting som har skjedd. Det er viktig for oss å få denne informasjonen, då me ofte ser det på barnas veremåte om det er noko som er forandra.



Informasjon frå barnehagen blir utveksla på fleire arenaer: både munnleg ved henting, men også dokumenter på Mykid i form av bilete, «dagen i dag» og informasjonsskriv. Andre samarbeidsforum er oppstartsamtale, foreldremøter, foreldresamtalar vår og haust og andre tilstellingar.

Foreldrerepresentantar/foreldreråd

Det er fire fra foreldregruppa som blir valt av dei føresette til å vere representantar. Valet skjer på foreldremøte på hausten, og dei som blir velt sit i 2 år. Det blir valt 2 nye kvart år slik at ein overlapper kvarandre. Foreldrerepresentantane er føresette sin talsperson.

«Intensjonen med foreldreråd og samarbeidsutval er at desse ordningane skal gi høve til å vareta foreldra sin kontakt med barnehagen på ein aktiv måte. Foreldrerådet skal fremje fellesinteressene til foreldra og bidra til at samarbeidet mellom barnehagen og foreldregruppa skaper eit godt barnehagemiljø. Foreldrerådet skal få inn saker som er viktige for foreldra sitt forhold til barnehagen» (kunnskapsdepartementet, 2017, s. 30)

SU – samarbeidsutval

Samarbeidsutvalet skal vere eit rådgjevande, kontaktskapande og samordna organ. Samarbeidsutvalet består av to foreldrerepresentantar, to tilsette i barnehagen, styrar og eigar. I SU tar ein opp ting som vedkjem barnehagen, som t.d. saker frå foreldre og godkjenning av diverse saker, som t.d. årsplan og vedtekter. SU blir valt for eit år om gangen, og har møter etter oppsett plan eller etter behov.



Samarbeid med andre instansar

For å sikre at både barn og tilsette får den hjelpa, tilrettelegginga og utviklinga dei treng, samarbeider også barnehagen med ein rekke andre instansar:

PPT (pedagogisk psykologisk teneste)

PP-tenesta skal hjelpe skular og barnehagar med å leggje til rette for barn og elevar med behov for særskilt tilrettelegging. Hensikten er at dei får eit inkluderande, likeverdig og tilpassa pedagogisk tilbod.
Frå PPT har me ein fast kontaktperson som kjem til oss 1 g pr mnd, og gir råd og rettleiing. 2 gonger pr halvår har me også ressursteam, då er også helsesjukepleiar med og evt andre instansar dersom me ønsker det.

Helsestasjon og familieteamet

Ved spesielle behov har barnehagen, med godkjenning frå foreldre, dialog med helsestasjon og familieteamet i kommunen for å sikre best mogleg hjelp til barn eller foreldre som treng rettleiing.

Barnevern

«*Gjennom den daglege og nære kontakten med barna er barnehagen i ein sentral posisjon til å kunne observere og ta imot informasjon om omsorgs og livssituasjonen til barna. Personalet skal ha eit bevisst forhold til at barn kan vere utsette for omsorgssvikt, vald og seksuelle overgrep, og dei skal vite korleis dei kan førebyggje og oppdage dette. Personalet skal kjenne til opplysningsplikta til barnevernet, jf. barnehagelova § 46*» (Kunnskapsdepartementet, 2017, s.11)
Ved større bekymringar er barnehagen plikta til å melde frå til barnevernet. I nokre tilfelle kan barnehagen drøfte saker anonymt.

Skulen

Me samarbeider med skulen ved overgang barnehage-skule. Me har dialogmøter med lærer, og besøksdagar før skuleoppstart.
«*Barnehagen skal i samarbeid med foreldra og skulen leggje til rette for at barnet kan få ein trygg og god overgang frå barnehage til skule, og eventuelt til skulefritidsordninga. Barnehagen og skulen bør utveksle kunnskap og informasjon som utgangspunkt for samarbeid om tilbodet til dei eldste barna i barnehagen, overgangen til skulen og skulestarten. Barnehagen må ha samtykke frå foreldra for å dele opplysningar om enkeltbarn med skulen*» (kunnskapsdepartementet, 2017, s.33).

Vindafjord Kommune

Sjølv om me er ein privat barnehage, deltar me på ulike kurs, planleggingsdagar og føredrag som kommunen arrangerer. Styrarane i dei ulike barnehagane er med i silomøte som er fora for alle styrarane i kommunen. Dette er ca. 2 ganger pr halvår.

Bedriftshelsetenesta

Barnehagen samarbeider med bedriftshelsetenesta, som er fagkyndige og rådgivande innan førebyggande helse-, miljø- og sikkerheitsarbeid. Dei skal bistå arbeidsgivar med å følgje opp arbeidsmiljøet, og komme med forslag til forbetringar.

Kyrkja

Me deltar på påske- og julevandring når kyrkja invitera til dette. Viser til samtykkeskjema.



Hovudfokusområdet vårt i år er - SPRÅK -

Felles utviklingsprosjekt ilag med Skjold Barnehage, Skjold Skule, Vats skule, og Vik Oppvekstsenter – Språk, tekst og lesing

I år har me saman med andre skular og barnehagar i kommunen starta opp med eit felles kompetansetiltak i samarbeid med Høgskulen på Vestlandet (HVL). Målet med satsinga er å styrkje kompetansen og gi støtte til vidare utvikling av praksis innan området språk, tekst og lesing, med utgangspunkt i utviklingsarbeid ved den enkelte skule og barnehage.

Fokusområdet språk i barnehagen

I tillegg til samarbeidsprosjektet med HVL og andre skular/barnehagar vil me også driv eit eget utviklingsprosjekt i barnehagen med fokus på *språkmiljøet*. I løpet av barnehageåret vil me arbeide med å kartlegge, dokumentere, utvikle og evaluere både det fysiske og kognitive språkmiljøet på basane. Dette vil me arbeide med både individuelt på avdelingane, men også ha felles på personalmøter, planleggingsdagar, pedagogmøter og lunsjwebinarer.



Når me arbeidar med språkmiljøet vil me køyre eit bokprosjekt for å ha eit felles tema å jobbe ut i frå. Me har i år valt å arbeide med Thorbjørn Egners «Hakkebakkeskogen». Gjennom leik, samspel, litteratur, song, rim og regler ynskjer me å styrka barna si språklege utvikling og språkglede. Me vil møte barna der dei er i si språklege utvikling og legga til rette for eit inkluderande språkmiljø der alle språk og uttrykksformer blir verdsett.

Barnehagens visjon

Visjonen vår er å fylle kvar einskild ryggsekk med gode erfaringar og opplevingar. Gjennom leik, utforsking, venskap og omsorg ønskjer me å gje barna verktøy som hjelper dei å stå støtt når dei møter både små og store utfordringar i livet. Me legg vekt på å anerkjenne kjenslene til barna, gje rom for å prøve og feile, og skape eit miljø der dei opplever å vere viktige for fellesskapet.

Det er viktig å gje barna erfaring med å stå i ubehagelege situasjonar. Me vaksne skal vere den trygge hamna som barna kan komme til. Det er viktig at me ikkje overbeskytter barna for mykje, slik at dei blir redde for å møte den ekte verda utanfor. Det å skape robuste barn handlar om at barn skal takle det liv dei møter og det å møte motstand. Me er født ulike og nokon er meir robuste av natur enn andre. Men det handlar om korleis barna møter det ubehagelege i livet og korleis me skal hjelpe dei på vegen.

Dersom eit barn blir avvist kan me vaksne gjere situasjonen utrygg viss me blir veldig opprørte. Det handlar om å vere der for barnet- trøyste og oppmuntre. Men det er og viktig å gi dei erfaring i å stå i det vanskelege. Her er det viktig med trygge foreldre som kan vere der og støtte og ikkje gjere verda om til eit skummelt sted.

Me ønske at kvart enkelt barn skal bli sett. Me ønsker å anerkjenna dei for den dei er, for alle følelsane dei har og for alle meiningane dei har. Me ynskjer at barna skal få vera med å medverka i eigen kvardag. Utan at dei skal ta styringa og bestemma alt. Jo betre relasjon og tryggheit barnet vårt har til oss, vil gjera ein enorm forskjell på om barnet godtar veiledning og dei viktige grensene me set for dei.

Målet vårt er at når barna forlèt Nausthaugen barnehage, vil me at dei skal bere med seg ein rik ryggsekk – full av minner, opplevingar, verktøy og erfaringar som gjer dei robuste. Barn som har tru på seg sjølv, som veit at dei kan, som kjem til å våge og ville utfordre seg sjølv.

VISJON:

Me skal fylle kvar enkelt barns ryggsekk med gode opplevingar og erfaringar


Dei voksnes rolle

- Skape trygghet og gode følelser
- Støtte barns følelsesmessige utvikling
- Gi rom for mestring og sjølvstendighet
- Legge til rette for vennskap og sosial læring
- Lytte til barna og la dei medvirke
- Være gode rollemodeller


COS—trygghetsirkelen

I Nausthaugen barnehage arbeider me etter modellen «trygghetssirkelen». Denne modellen er eit verktøy for å forstå og møte barn sine behov. Trygghetssirkelen er ein visuell sirkel, der den vaksne er den trygge basen barn kan bevege seg ut frå for å utforske verden. Den vaksne er også den sikre hamna barnet treng for å få beskyttelse, trøyst, godheit og organisering av kjenslene sine.

Tilknyting og utforsking heng saman og står i et avhengigheitsforhold til kvarandre. Tilknyting kan forklarast ut i frå barnets avhengigheit og behov for beskyttelse, mens utforsking kan forklarast ut i frå barnets sjølvstendigheit og behov for å undersøke og meistre.



Når barna kjem til Nausthaugen barnehage og skal begynne på Småtrollå/Sjarmtrollå, har me fokus på at barnet skal bli kjent med både barn og dei voksne. Me sitt på golvet, slik at barna kan komma og ta kontakt med oss både til leik og aktivitet, men også når dei treng trøst og støtte. Me støttar barna når noko er vanskeleg og me gleder oss ilag, og deler opplevingar dei har iløpet av barnehage-kvardagen.



Psykologisk førstehjelp;
Grønne tanker—glade barn.

Måten barn lærer å forholde seg til følelseslivet på, danner grunnlaget for korleis man som voksen forholde seg til følelsar. Me som vaksne bruker dette i kvardags-situasjonar med barna.

Barna lærer å sette ord på følelsane og handlingane sine i kvardagen her hjå oss; seier me noko feil eller gjer noko med andre, er me framme med den røde bamsen og fortell at nå fekk dei røde tanker og er lei seg. Er me snille med kvarandre og dei gir kvarandre ein klem eller deler leker så forteller me at dei får grøn-ne tanker. Viktig med handlinger som gjer at det er lettere for barna å forstå dette.


STYRINGSDOKUMENTENE

Styringsdokument som ligg til grunn for drift av barnehagane og som barnehagane byggjer sine planar på, er:

- Barnehagelova (Lov av 17.juni 2005 nr. 64 om barnehagar)
- Rammeplanen 2017 (Forskrift til barnehagelova, trer i kraft 1.august 2017)
- Vedtekter for Nausthaugen barnehage
- Årsplan - Årsplanen er ein plan som skal fungera som informasjon for foreldre, ansatte, tilsynsmyn-digheter og andre samarbeidspartnerar.
- Progresjonsplan

Verdiane våre
Tilstedeværande, engasjerande og leikande. Verdiane våre skal prege våre handlingar og vår væremåte i barnehagen, dei skal gjenspeila voksenrolla.

Utdrag fra Barnehageloven § 1. formål:
Barnehagen skal i samarbeid og forståelse med hjemmet ivareta barnets behov for omsorg og lek, og fremme læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling. Barnehagen skal møte barna med tillitt og respekt, og anerkjenne barndommens egenverdi



Verdiane våre kjem fram i kvardagen vår ved at;

- ⇒ Me drive ei pedagogisk virksomheit der personalet har kunnskap og ferdigheter
- ⇒ Me har tid til barna
- ⇒ Me er trygge og tilstedeværende voksne.
- ⇒ Me bruker humor og latter i kvardagen
- ⇒ Me er saman i leik og bruker oss sjølv
- ⇒ Me undrar oss ilag om opplevingar, erfaringar og her-og-nå situasjonar
- ⇒ Me kan vise følelsar ilag
- ⇒ Me er ein støttande læringsarena ved å engasjere og oppmuntre
- ⇒ Me gjennomføre planlagte aktiviteter
- ⇒ Me driv med barnehagebasert kompetanseutvikling

Organisering av kvardagen



Måltidene: frokost 8:15-8:45, lunsj 11:15-11:45 og frukt 14:15-14:45

Rutiner rundt levering og henting av barna.
Det å møte barn og foreldre i garderoben når dei kjem, meiner me har innverknad på korleis barnehagekvardagen til barna blir; dei får ein god start på dagen og vil føle seg velkommen. Me ete frukost kl 08.15, dersom ditt barn ikkje skal ete frukost i barnehagen, kan ein eventuelt komme til kl 08.45. Dette pga når barnet kjem midt i frukosten er det ikkje alltid at den vaksne har moglegheit for å møte barnet i garderoben.
Ved henting vil personalet formidle korleis barnets dag har vært i barnehagen og takke for i dag. Det er veldig viktig at dykk som foresette, gir beskjed til personalet når barnet blir henta. Dersom barnet blir henta av andre som ikkje er registrert på Mykid, må barnehagen ha beskjed om dette.
Dersom barnet ikkje kjem i barnehagen, må det gis beskjed innan kl 9.30 via **mykid.** Barnet kan også komme etter kl 9.30, send oss då berre ei melding. Me ønsker at alle beskjeder skal skje via **mykid**. (sjukdom, fri, ferie, henting osv.)

Det er og høve til å kjøpa ekstra dagar dersom me har ledig. Dette kostar kr 370,- pr dag.

Ved for seint henta barn, vil det foreligga eit gebyr på kroner 350,- pr. påbegynt halvtime.

Kosthald:
Me har 3 måltider per dag; frukost, lunsj og frukt, som blir servert i barnehagen. Varmmat vil me ha 1 gang i veka. I fagområde kropp, rørsle, mat og helse, seier rammeplanen bl.a. «*at gjennom medverknad i mat – og måltidsaktivitetar skal barn motiverast til å ete sunn mat og få ei grunnleggjande forståing av korleis sunn mat kan bidra til god helse».* Me leggje til rette for at måltida og matlaginga skal bidra til glede, deltaking, samtalar og fellesskapskjensle hos barn. I forbinding med kosthald kjem og viktigheita av gode vanar for hygiene.

Allergiar:
Me imøtekomme og tilpassar oss barns ulike former for allergiar og mattolerans. Ved allergi, er det viktig at dykk fyller ut egne skjema for dette, der det skal dokumenterast frå lege om barns allergiar. Tar hensyn til kostholdspreferanser iforhold til religion og livssyn.

Barn og sjukdom:
Ein hovedregel som er god å fylgja om ein er usikker om barnet bør sendast i barnehagen eller ikkje er; **«Er du i tvil, så er eg ikkje i tvil»** - då bør barnet vera heime. I utgangspunktet er det alltid barnet sin allmenntilstand som avgjer om barnet bør vera i barnehagen eller ikkje. I tillegg kjem vurdering av om barnet bør vere heime fordi det utgjer ein smitterisiko. Barnehagen tek kontakt med foreldre om barnet verkar sjukt, uopplagt eller har feber slik at foreldre får beskjed om at barnet må hentast. Barnet **BØR** ha ein feberfri dag heime før dei kjem i barnehagen. Ved diare og oppkast kan barna komme i barnehagen **48 timer** etter siste utbrudd.

Medisinering av barn er ikkje barnehagen sitt ansvar, og må gjerast av foreldre sjølv, eller etter avtale. Dette gjeld ikkje for dei med kronisk sjukdom eller dei som må ha allergi-medisin. Foreldre **må** skrive under på skjema ang utlevering av medisin når dei kjem i barnehagen.
Dersom barnehagen skal gi medisin så må medisinen være i orginalembalasjen, og ikkje ferdig oppmålt i «sprøyte», då me har reglar og rutinar for utlevering av medisin. Det kan også være lurt å få legen til å skrive ein legeerklæring over kor stor dose og kor lenge.

DOKUMENTASJON

Me her i Nausthaugen dokumenterer vårt innhold på denne måten;



- Me bruker **ALLE MED**-skjema som er utarbeida med utgangspunkt i barnehagens praksis og erfaringer. Det er eit observasjonsmateriell som er tenkt brukt på **alle** barn i barnehagen. Det er eit visuelt, lettfattelig observasjonsskjema der barnets utvikling tydelig kjem fram.



- **TRAS** er eit pedagogisk kartleggingsverktøy for observasjon av spåk-utviklingen til barn i alderen 2-5 år. TRAS bidrar også til kompetanseutvikling av dei ansatte ved at dei blir meir bevisste på kva framgangsmåter, forklaringar og utfordringar som påvirkar barns utvikling. Målet med dette skjema er tidlig innsats, auke kunnskapen om barns språkutvikling og bidra til at barn som er forsinka i språkutviklingen får rett og tidlig hjelp.
- Produkter som me lager i forming er håndfast dokumentasjon, der fin-motorikken blir brukt masse.
- Logg, bilder og dokumentasjon på dagen i dag, ligger på mykid. Bilder blir lagt i mapper på mykid.
- Skriv referater fra foreldremøte, personalmøte og avdelingsmøter som er skriftlig dokumentasjon på det me planlegg og vil jobbe med. Også for å få det pedagogiske ståstedet nedskrive; rutinar, reglar, viktige saker osv
- All vår informasjon ut til foreldre foregår gjennom mykid, der dykk vil ha tilgang til informasjon om barna, månadsskriv/kalender, registrering og div skjema og informasjon. Dei ansatte bruker mykid daglig, det vil sei at her sjekker me inn/ut barn, registrerer fri, sjukdom, soving og div andre beskjeder. .

Vurdering/evaluering

Evalueres	Innhenting av data	Vurderingsform
Enkeltbarnets trivsel, utvikling og behov	- observasjon av barnet i kvardagen - «alle med» - barnets verbale og non-verbale uttrykk - foreldresamarbeid som den daglige kontakt og avtalte møter	- avdelingsmøte - ledermøte - foreldresamtale - barns medvirkning
Dei ulike tema som det jobbes med	- barnets verbale og non-verbale uttrykk - observasjoner - dialog blant personalet	- avdelingsmøter - personalmøter - utviklings-samtale
HMS	- sjekklister - HMS årshjul - handlingsplaner - tiltaksplaner - avviksskjema - risikoskjema	- avdelingsmøter - ledermøter - personalmøter - daglig arbeid - medarbeidersamtaler

SOSIAL KOMPETANSE

Sosial kompetanse er ein forutsetning for å fungere godt ilag med andre og omhandlar ferdigheter, kunnskaper og holdningar som utvikles gjennom sosialt samspel. Barn som er ilag med andre, lærer mykje om andre mennesker og seg sjølv. Nokon sosiale «spelereglar» må læras. Korleis forholde me oss til andre? Korleis «trør» me inn i leik? Korleis ta initiativ til sampel, opprette vennskap osv. Sosial kompetanse utvikles kontinuerlig gjennom handlingar og opplevingar. Det skjer i alle situasjonar iløpet av dagen. I ulike aktivitetar som f.eks omsorg, leik og læring. Vennskap og leik er viktig for utvikling av sosial kompetanse, og det besta me som voksne kan gi barna er at dei oppfattar at andre barn har lyst til å være ilag med dei. Me voksne må hjelpa barna å utvikla ein sunn sjølvtillit med eit positivt sjølvbilde. Eit betydningsfullt «eg» i eit inkluderande felleskap. Dette oppnår me ved blant anna å være bevisste kva rollemodellar me faktisk er. Gjennom eigen væremåte bidrar me voksne til barns læring av sosiale ferdigheiter. Me skal lære barna å bli sjølvstendige individ iforhold til påkledning, måltid, bruke språket og turtaking. Samtidig må me støtta og veileda barna i deiras sosiale utvikling. Det er faktisk vår oppgave som barnehage å sjå til at alle barn som er hjå oss, blir utstyrt med dei rette verktøya for framtida.

Barnehagen sine viktige oppgaver blir då å;

- legga til rette for at alle barn har ein å leka med og at dei får mulighet til å bli gode leikerar
- sørga for at alle blir sett og at dei sjølv skal kunne visa evne til å sjå andre
- at dei får mulighet til å kunna visa omsorg for andre
- sørga for at alle får erfaring i å gleda seg på eigne og andres vegne
- sørga for at barna får mulighet til å opptre som gode medmenneske
- sørga for at dei vågar å utfordre seg sjølv
- sørge for at dei vågar å utfordra omgivelsane rundt, med eit sundt kritisk blikk
- være gode rollemodellar

BARNS MEDVERKNAD

«De skal ha rett til medverknad tilpassa alder og forutsetninger»

(Barnehageloven §1 Formål, 2. ledd)

«Barn i barnehagen har rett til å gi uttrykk for sitt syn på barnehagens daglige virksomhet. Barn skal jevnlig få mulighet til aktiv deltakelse i planlegging og vurdering av barnehagens virksomhet. Barns synspunkter skal vektlegges i samsvar med dets alder og modenhet.»
(Barnehageloven § 3 - Barns rett til medvirkning)

I barnehagen skal barna få lov til å være med å medvirka sin eigen kvardag både iform av å bli høyrt som enkeltindivid og som i eit demokrati der alle stemmer skal bli høyrt. Dei voksne i barnehagen skal verna om den enkelte stemmen og gi rom for diskusjon og undring i fellesskap.

At eg blir høyrt er ikkje det same som at eg får det som eg vil.

Å bli høyrt er å reflektera ilag med dei voksne og dei andre barna.

At barna ska få være med å medvirke i sin eigen kvardag forutsetter voksne som kan sjå meiningane i samanheng med det enkelte barns alder og modenhet.

Dei ansatte må være opne for barns meningar, ideear og finne løysningar ilag med barnegruppa for å lage trygge rammer rundt medvirking i barnehagen, som fremmer nysgjerrighet og læring. Aktiv deltaking og muligheten til å medbestemme i samlinger, kvardagsaktiviteter og i leik er viktige aspekter i dannelse av barnet som individ og som ein del av felleskapet.

PEDAGOGISK PLAN.

MÅNAD	MÅL	AKTIVITET/ TILTAK	DOKUMENTASJON	EVALUERING	ANSVAR
Månads– kalender /brev	Gi forutsigbarhet på kvardagen	Månadskalenderen tek for seg dag for dag, der me skriv ned kva som skal skje.	Månadskalenderen blir lagt ut på mykid i starten på månaden, slik at foreldrene kan forbereda barna på kva som skal skje.	Pedagogisk leiar vurderer om kalenderen blei gjennomført og oppsummerer månaden som var.	Pedagogisk leiar har ansvaret for kalenderen i samarbeid med sine medarbeidarar.
Didaktisk plan	Bevisstgjøring av personalgruppa	En didaktiske plan tar for seg mål, gjennomføring, ansvar og evaluering av de ulike tema som me jobbar med.	Didaktisk plan blir laget i forkant av tema, slik at personalet får muligheten til å bidra og forberede seg.	Me evaluerer og ser om at måla til dei ulike temaene er oppnådd. ”kva gjekk bra og kva kan me gjera annerledes”	Pedagogisk leiar i samarbeid med sine medarbeidarar.
Periodeplan	Synliggjøring av ulike tema.	En periodeplan tar for seg mål, gjennomføring og evaluering av de ulike tema som me jobbar med.	Periodeplanen blir laga i forkant av perioden. Slik at foreldre kan få muligheit til å få et innblikk i kva me skal fokusera på dei neste månadane.	Me evaluerer og ser om at måla te dei ulike temaene er oppnådd. ”kva gjekk bra og kva kan me gjera annleis”.	Pedagogisk leier, i samarbeid med øvrige ansatte og barn, skal utarbeide en periodeplan for gitt periode.
Kompetanseutvikling for personalet	Utvida personalet sin kunnskap	Kurser, planleggingsdager og utviklingsprosjekt. Webinar for assistenter og fagarbeidere	Referater og oppsummering		Styrer/pedledere

HMS

Helse, miljø og sikkerhet er ein kontinuerlig prosess i barnehagen. Det jobbes systematisk på område i forhold til både barna og personalet. Gjennom PBL-mentor abonnerer me også på HMS. Der har me tilgang til alt me treng innen HMS. Dette blir halden ajour heile tida. Då har me eit årshjul der me kvar månad skal gå gjennom forskjellig som har med HMS å gjera; risikovurderingar, internkontrollar, sjekklister, brann, sikkerheit, beredskap før tur, avvik, førstehjelpsutstyr osv. Kvar morgen tar S1-vakta sjekkrunde på ute-området slik at det er trygt å la barna gå ut å leika.

ÅRSHJUL

August

- 14/17. planleggingsdager
- 18. Nytt barnehageår
- Tilvenning

September

- Veke 38 - Brannvernveke
- Bli-kjent

Oktober

- Veke 41 - 5-9. Haustferie
- 15. Refleksdagen
- 20. Trollefest
- 24. FN-dagen
- 30. Høstfest for barna

November

- 13. planleggingsdag
- 19. Me pyntar til jul i bhgen

Desember

- 3. Julebord for barna
- 10. Luciafrokost
- 15. Nissefest/låvebesøk

Januar

- Tilvenning
- 18. - planleggingsdag
- Veke 4 - Førsthjelpsveke

Februar

- Veke 5 - Sameveke
- 5. Samefest
- Veke 7 - vinterferie
- 25. Karneval

Mars

- 10. Barnehagedagen
- 18. Solfest
- Veke 12 - påske

April

- 15, 22 og 29 musikkleik

Mai

- 07. planleggingsdag
- 13. 17.mai feiring i bhgen
- Besteforeldrebesøk

Juni

- Veke 23 - Trafikksikkerhet
- Sommarfest
- Tilvenning storbarn
- Besøksdag nye barn

Juli

- Temaveker
- Stengt veke 29 og 30

August-27

- 13 og 16. planleggingsdag

Ellers;

* Barnas bursdager
* Andre markerings-dager

RAMMEPLANENS 7 FAGOMRÅDER OG PROGRESJONSPLAN

1-2 år
Lek med vann. Utforske med sansane. Kjennskap til dyr. Bruke spade, bygge med klosser

2-3 år
Oppleve og utforske naturen. Sortere søppel. Ulike årstider. Ulendt terreng

Natur, miljø og teknologi; Leik og undring i naturen

3-4 år
Gode naturopplevingar, erfare ulike årstider, Kjennskap til planter, dyr og livet i sjøen. Plukke søppel

4-5 år
Respekt for dyreliv og naturen. Spikking/ saging Eksperimentere fysikk/kjemi. teknologi

=> «progresjon i barnehagen innebærer at alle bana skal utvikle seg, lære og oppleva fremgang. Alle barna skal kunne oppleva progresjon i barnehagens innhold, og barnehagen skal legge til rette for at barn i alle aldersgrupper får varierte leke-, aktivitets– og læringsmuligheter. Personalet skal utvide og bygge vidare på barnas interessert og gi barna varierte erfaringer og opplevelser. Barnehagen skal legge til rette for progresjon gjennom valg av pedagogisk innhold, arbeidsmåter, leker, materialer og utforming av fysisk miljø. Barn skal få utfordringer tilpasset sine erfaringer, interesser, kunnskaper og ferdigheter.» (Rammeplan for barnehager kapt. 8)

Barnehageloven § 1 - Formål

Barna skal:
- Få utfolde skaperglede, undring og utforskertrang
- Lære å ta vare på seg sjølv, hverandre og naturen
- Utvikle grunnleggende kunnskaper og ferdigheter

Barnehagen skal sjå fagområdene i sammenheng, og alle fagområdene skal være gjennomgåande del av barnehagens innhold. Her kjem vår progresjonsplan for kvart fagområde i rammeplanen;

1-2 år
Bli kjent med barn og voksne på avdeling og nærmiljøet

2-3 år
Bli kjent med barnehagen, turar i nabolaget, bli kjent med andre kulturar

Nærmiljø og samfunn; Leik, aktivitet og kjennskap til nærmiljøet

3-4 år
Delta i samtaler om familien, kjent med eget nærmiljø, kjennskap til samer.

4-5 år
Utvikle sin sosiale kompetanse, medbestemmelse, kjennskap til landet vårt, samisk kultur

1-2 år
Vise empati. Dele på leiker. Vise Omsorg. Mitt og ditt

2-3 år
Vise empati, hjelpe og trøste andre. Lære om rett og galt. Lære bordskikk, seie takk

Etikk, religion og filosofi; Undring over korleis verden fungere

4-5 år
Følelsesuttrykk. Konfliktløysing og andres perspektiv. Sosialt felleskap. Ulike kulturar. Merkedagar

3-4 år
Tradisjoner rundt høgtider. Respekt for kvarandre. Lære om konfliktløysing.

1-2 år
Bevegelses-sanger, leike/ parallel-leik, lytte, herme, bilde og peikebøker, rim og regler

2-3 år
Begreper, enkle ord, begynnande rolleleik, dialog, bruk av konkreter, interesse for bokstaver, ord og tal

Kommunikasjon, språk og tekst;
Leik med språk og tekst

3-4 år
Gjenkjennelse, sangleikar, språk, rim og regler, fargar, forstå beskjeder og meistre turtaking

4-5 år
Gjenfortelling, navnet sitt, ta imot beskjeder, omgrep og preposisjonar, bokstavar, språklig bevissthet, lytte til andre, rim og regler

1-2 år
Orientering i rommet, leke med tall og former, sang og eventyr

2-3 år
Tellesanger/ regler, sortere leiker, telle til minst 3, bruke enkle omgrep, mestre billedlotto

Mengde, rom og form;
Leike og utforske problem -løysningar

3-4 år
Lengde, høyde, telling, øve på turtaking, lære ulike former. Matematiske begreper

4-5 år
Sortering, tall og mengde, gruppering, former, måling, klokka

1-2 år
Pinsettgrep, fingermaling, ulike formingsmateriell, leik, musikk, dans

2-3 år
Eksperimentere med fargar og teknikkar, enkle instrument, lære sangar, dramatiering

Kunst, kultur og kreativitet;
Leikande uttrykksformer og kreativitet

3-4 år
Late-som om leik, songleikar, hodefoting, erfare ulike formingsteknikkar

4-5 år
Dramatisering, utvikle sine eigne uttrykksformer, kulturell tilhørighet og skaperglede

1-2 år
Grunnleggende bevegelser, ete sjølv, smake, drikke sjølv, påkledning

2-3 år
Bevegelsesleiker, vaske hender, praktiske gjeremål, snakke om kropp, tegne

Kropp, rørsle, mat og helse;
Bevegelsesglede, matglede og leik

4-5 år
Blyantgrep, klipping, kroppens anatomi, kaste ball, balansere, kjennskap til mat, toalettbesøk

3-4 år
Lære om kroppens funksjoner, finmotorikk, Gå på tur, hygiene, min kropp, bevegelse-leikar, sunn/usunn mat